

Søknad

| | | | | |
|----------------------|--|------------------|------|-----------------|
| Søknadsnr. | 2013-0051 | Søknadsår | 2013 | Arkivsak |
| Støtteordning | Bolyst 2013 | | | |
| Prosjektnavn | Tuddal - Frå bygd til landsby - fase 2 | | | |

Kort beskrivelse

Dette er gjennomføringsfasen av planlagde og oppstarta tiltak frå fase 1, som styringsgruppa har prioritera. Hovudmålet med prosjektet er å bidra til vidareutvikling av eit attraktivt og bærekraftig samfunn i Tuddal. Dette skal gjerast gjennom fokus på miljø, økonomi og det sosiale aspektet. Det skal leggast til rette for å snu befolkningsutviklinga frå negativ til positiv, langsiktig og lønsam verdiskaping igjennom næringsutvikling og auka bustadutvikling.

Prosjektbeskrivelse

Landsbyens aktivitets- og kulturpark:

Dette området utgjer ein sentral del av landsbyen og er viktige møteplassar for unge og vaksne og har derfor fått fyrste prioritet i landsbyplanlegginga.

Tuddal kulturpark:

Kulturparken framfor vakre Tuddal kyrkje, ligg midt i synsfeltet der vegen delar seg til Bondal og Gaustatoppen/Rjukan, med Kyrkjeåa som eit naturleg skilje mot kyrkjegarden. Per i dag inneheld den grasplen som kommunen slår, ein liten grusplass med krakk og blomsterkrukker, dette er og plassen til den store Julegrana i Tuddal.

Det er eit stort ynskje om å utnytte denne sentrale plassen meir og at den kan bidra til ein positiv stoppeffekt gjennom at den vekker både nysgjerrigheit og innbyr til ei pause/rast.

Kulturparken skal bli eit opplevingspunkt med fokus på og informasjon om Tuddals historie og kultur. Her skal det leggast til rette for ulike mindre kulturelle arrangement. Dette skal også vere ein stad til ettertanke der ein kan setje seg ned, slappe av og nyte utsikta mot Bjårvatn og fjella rundt.

Hjartdal kommune er eigar av grunnen.

Plan for gjennomføring

1. Gjennomgang av gjennomføringsplanen og evt. oppdatere/tilpasse denne til den heilskaplege landsbyplane utarbeida i fase 1.
2. Evt. justere budsjettet og finansieringsplanen i samsvar med pkt 1.

3. Undersøking av grunn v/Kulturminnevern
4. Søke midlar
5. Organisering og koordinering av gjennomføringa
6. Planlegge og forankre vedlikehald

Tuddal Aktivitetspark:

Aktivitetsparken ved skulen er eit populært heilårs rekreasjonsområde og møteplass, mykje bruka av både fast- og deltidsbuande. Området ligg i tilknytning til skuleplassen og inneheld ballbinge, lysløype (for ski og barmark) og grusbane for ulike aktivitetar.

Fysisk aktivitet er viktig m.o.t. både folkehelse og trivsel. Ei opprusting av aktivitetsparken skal legge betre til rette for eit breiare tilbod av både organisera og uorganisera fysisk aktivitet. Tuddal er ei turistbygd med mange deltidsbuande (hytter og campingplassar) og dette er også vere eit viktig tilbod til denne gruppa. Å skape gode møteplassar for styrking av kontakten/samarbeidet mellom fastbuande og deltidsbuande (barn, unge og vaksne) vil og gjere at trivselen deira aukar.

I og med at parken ligg på same område som Tuddal skule, med eit moderne sanitæranlegg og stor gymsal, så ligg det også godt til rette for gjennomføring av fleire arrangement/konkurransar innafor ulike idrettsgreiner.

Tuddal idrettslag har i samarbeid med Tuddal FAU utarbeida ein oversikt over kva det er behov for av nytt innhald i aktivitetsparken. Bl.a. fast dekke på området framfor ballbingen, skateramper, tilrettelegging for bmxsykling, moglegheit for å gå på rulleski /skøyter og fleire ulike ballaktivitetar. Om vinteren er det ynskjeleg å legge is på ein del av området slik at det blir skøytebane. Målet er å starte opp våren 2013 så snart snøen er borte (ca mai).

Mål for delprosjektet

Gjennomføring

1. Gjennomføringsplan med milepelar og ansvarleg. Context AS er ein viktig ressurs i dette.
2. Søke midlar
3. Organisering og koordinering av gjennomføringa
4. Planlegge og forankre vedlikehald.

Markering og tydeleggjering av landsbyen:

Ein viktig del av gjennomføringa av Frå bygd til landsby er markering av området i Tuddal som utgjer

landsbyen. Det aktuelle området er det som per i dag utgjør sentrum i Tuddal, frå Helsehuset til Tuddal skule og barnehage.

Gjennomføring

Fyrste steget for markering av landsbyen Tuddal skal gjerast gjennom ei forholdsvis enkel markering. Det er planlagt å henge opp banner i gatelysstolpane frå Joker til innkjøringa til skulen og barnehagen. Bannera skal vera påtrykt Tuddalslogoen og "www. visittuddal. no" slik at alle som ynskjer det, lett kan finne meir info om Tuddal. Nokre av dei skal og innehalde informasjon om dei faste årlege kulturaktivitetane i landsbyen; Tuddalsdagen 3. søndag i juli og Tuddal Triathlon 4. laurdag i juli.

Desse bannera skal henge oppe i sommarhalvåret og kan om det lar seg praktisk gjennomføre byttas ut med vinterbanner og/eller julegatelys til jul.

Kvinnenettverket "Tuddalsjentun":

eit fora for nytenking, samarbeid og utvikling;

I fase 1 blei Kvinnenettverket "Tuddalsjentun" etablert. Kvinner er ei av hovudmålgruppene i prosjektet og dei viktigaste lokale "motorane" hittil i prosjektperioden har vore jenter i ulike aldrar. I gjennom fase 0 og 1 kom det klart fram eit sterkt behov for ein eigen kvinne møteplass/fora for nytenking, utvikling, kompetanseheving og samarbeid innafor næringsutvikling og generell utvikling av Tuddal.

Fleire samlingar med ulike tema er gjennomførte i løpet av fase 0 og 1. Alle med stor oppslutnad og engasjement. Tema har vore; bedriftsetablering, næringsutvikling, Tuddals framtid og ulike samarbeidsformer.

Gjennomføring

Formalisering og forankring av samarbeidet mellom kvinner i Tuddal ved at det blir etablert ei ressurs-/arbeidsgruppe som tek ansvar for vidareføring av "Tuddalsjentun".

Husflidslaget, Bygdekvinnelaget og Tuddal Utvikling er viktige ressursar i dette.

Fleire har allereie meldt at dei ynskjer å vere med i denne gruppa.

Tuddal Bygdekvinnelag har kome med eit konkret forslag om å ta eit ansvar for organisering av dette. I Fase 2 skal dette forslaget og andre alternativ gjennomgåas nøye, konkluderas og forankras.

Kulturbasert næringsutvikling - Troll i Tuddal

I Fase 1 har det blitt jobba med å hente fram og synleggjere segner og eventyr frå Tuddal og det har vore spesiell fokus på eventyret om dei fem trolla i Tuddal; Lurv i Lønås, Hakjepett i Høvdeås, Fluks i

Flugonfjell, Bøyg i Bodik og Sjuke-Knut i Njuke. I tillegg har og segna om Nøkken under Rindebrua kome sterkt i fokus.

Gjennom prosessen har det kome tydeleg fram at desse eventyr-/segnfigurane representerar ei nerve i Tuddalsamfunnet, i tillegg til at Troll er "inn" i tida. Det er derfor ynskjeleg å bruke dei i samanheng med marknadsføring/profilering, kultur- og opplevingsbasert næringsutvikling og identitetsbygging. Tiltak innan dette har blitt gjennomført i fase 1 med stor suksess. Dette viser at her ligg det eit uutnytta potensiale.

Gjennomføring

Med bakgrunn i dette skal det jobbas vidare med kulturbasert næringsutvikling i fase 2. PL skal vere ein diskusjonspartner, koordinator, pådrivar og tilretteleggar for dei som ynskjer å

vidareutvikle og/eller etablere ny kulturbasert næring i Tuddal.

Kommunikasjon og inkludering:

Det har blitt jobba med betring av kommunikasjon med og inkludering av deltidsbuande (hytte- og campingfolk), bygdefolk og nytilflytte gjennom fase 0 og 1. Gode møteplassar og infokanalar er viktige for å inkludere/integrere nyinnflytta, men og for å auke samarbeid/samhandling mellom bygdefolk og mellom bygdefolk og deltidsbuande.

Heimesida, Treskoposten og den regelmessige utsendinga av e-post frå PL er viktige tiltak i denne samanheng. Desse vellukka tiltaka som er utvikla/vidareutvikla gjennom prosjektet skal nå forankras og vidareførast i permanente ordningar.

Gjennomføring

Etablere gode rutinar for å ynskje tilflytte velkommen til Tuddal. Forankre og vidareføre eksisterande gode møteplassar, rutinar og infokanalar for fastbuande, deltidsbuande, besøkande og tilflytte

Kontaktopplysninger

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|----------------------|------------------|----------------------------------|----------|
| Søker / Prosjekteier | Hjartdal kommune | Hjartdal kommune 3692 SAULAND | 95832773 |
| Kontakt-person | Hjartdal kommune | Hjartdal kommune 3692 SAULAND | 95832773 |
| Prosjekt- leder | Stefan Langfors | Hjartda kommune 3692 SAULAND | - |

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Frå bygd til landsby - fase 0 : 2009 Kommunal og Regional dep - nasjonale tiltak for regional utv. kr 500.000 2009 Te

Spesifikasjon

Bakgrunn

Fase 2 er gjennomføringsfasa for prioriterte tiltak frå fase 1. Fase 1 var forprosjektperioden som igjen var ei vidareføring av kartleggings- og planleggingsfasen - fase 0.

Attraktivitetspyramiden frå Telemarksforskning;

Attraktivitetspyramiden er ein modell for å forstå stadars utvikling, vekst eller nedgang. Ideen bak pyramiden er at stader utviklar seg i forhold til deira attraktivitet langs tre dimensjonar: besøk, busetnad og bedrifter.

Modellen har vore sentral når strategiane for utviklinga av Tuddal har blitt lagd.

Føresetnader og rammar

Det er gjennomført både ei forstudie (fase 0) og eit forprosjekt (fase 1) der det har utpeka seg fleire konkrete tiltak som er viktige for å nå prosjektet sine mål. Det vart i 2010 søkt om bulystmidlar frå Kommunal- og Regionaldepartementet, men søknaden nådde dessverre ikkje opp.

Både Hjartdal kommune, Telemark fylkeskommune, Næringslaget Tuddal Utvikling og innbyggjarane (faste og deltids) i Tuddal såg det som så viktig at prosjektet blir vidareført at dei likevel bestemte seg for gjennomføring men innafor reduserte rammer og tiltak.

Planen for landsbyen Tuddal er eit resultat av samarbeid med skulen, barnehagen, sentrumsgruppa (eiga arbeidsgruppe i prosjektet), kyrkja, FAU, lokalt næringsliv, lokale eldsjeler, idrettslaget, arkitektfirmaet Context AS og landskapsarkitekt Gullik Gulliksen.

Den omhandlar heile sentrum av Tuddal og det er derfor viktig at det blir tenkt heilskap i forhold til resten av landsbyen i det som skal gjerast i kultur- og aktivitetsparken. Ein vil her setje standard og legge føringar for utviklinga av resten av sentrum. Som eksempel lyssetting, markeringar langs vegen, utsmykking, kvile-/utsiktsplassar, infoskilt, osv.

Prosjekt mål

Hovudmålet

med prosjektet er å bidra til vidareutvikling av eit attraktivt og bærekraftig samfunn i Tuddal. Dette skal gjerast gjennom fokus på miljø, økonomi og det sosiale aspektet. Det skal leggast til rette for å snu befolkningsutviklinga frå negativ til positiv, langsiktig og lønsam verdiskaping gjennom næringsutvikling og auka bustadutvikling.

Forankring

Prosjektet har ei god og brei forankring blant fast- og deltidsbuande i Tuddal. Prosjektet blei initiert av Tuddal Utvikling og bygdefolket og dei har vore aktive deltakarar gjennom fase 0 og 1. Det har hittil vore god dekning i lokal-, fylkes- og nasjonalpressa. Politisk er det og godt forankra både hjå

ordførar, i formannskap og kommunestyre. I fylkeskommunen er det forankra ved at dei har ein representant i styringsgruppa.

Prosjektorganisering

Prosjekteigarar: Hjartdal kommune og Næringslaget Tuddal Utvikling

Prosjektansvarleg: Hjartdal kommune v/ rådmann

Styringsgruppe: Hjartdal kommune – 2 representantar

Tuddal Utvikling – 1 representant

Folk i Tuddal – 1 representant

Telemark fylkeskommune – 1 repr.

Referansegruppe(r): Opprettast ved behov

Ressursgruppe : Leiar kultur, leiar plan, leiar teknisk og leiar helse i Hjartdal kommune

Arbeidsgrupper – for dei forskjellige delprosjekta:

Landsbyutvikling - Kultur og aktivitetsparken

Landsbymarkering

Kvinnenettverket "Tuddalsjentun"

Kulturbasert næringsutvikling - Troll i Tuddal

Kommunikasjon og integrering

Prosjektleiar Stefan Langfors

Samarbeidspartnere

Næringslaget Tuddal Utvikling, lag/organisasjonar, hytteforeningar, iledsjeler og bedrifter i Tuddal

Aktivitetar

Aktivitetane/delprosjekta som skal gjennomførast i fase 2;

- Landsbyens aktivitets- og kulturpark
- Markering og tydeleggjering av landsbyen
- Kvinnenettverket "Tuddalsjentun" - eit fora for nytenking, samarbeid og utvikling
- Kulturbasert næringsutvikling - Troll i Tuddal
- Kommunikasjon og integrering

Målgrupper

Eksisterande og nye bygdefolk, med spesiell fokus på unge og kvinner

Næringsdrivande og potensielle nye etablerarar

Deltidsinnbyggjarar og besøkande

Media

Resultat

Resultatmål:

Gjennomført fyrste del av landsbyutviklinga, dvs opprusting av Aktivitetsparken og Kulturparken og tydeleggjering av landsbyen, i tråd med utarbeida plan

Offentleg toalett i landsbyen

Kvinnenettverket i Tuddal, eit fora for kulturbasert næringsutvikling, kreativitet, nyskaping og samarbeid er sjølvgåande og aktivt

Troll i Tuddal - dei fem trolle i Tuddal (eventyret) er inkludera i landsbyutviklinga, blir aktivt bruka i kulturbasert næringsutvikling og i samheng med folkestigen Bjårvatn rundt og aktivitetar på Bygdetunet

Permanent ordning er etablera for info til og kommunikasjon med fast- og deltidsbuande

Rutinar for integrering av nye Tuddølar er etablera og velfungerande slik at alle føler seg velkomne og har lik moglegheit til involvering/inkludering i lokalsamfunnet.

Auke i nyetableringar av bedrifter, spesielt m.t.p. opplevings- og/eller kulturbasert, i f.h.t. 2012-tala.

Hyttefolket deltek aktivt i kultur- og næringsliv

Resultatindikatorar for måloppnåing:

Resultatindikatorar som vi meiner er viktige for å vise om vi har lukkas med dei måla vi har satt oss. Mange av dei er vanskelege å talfeste og vi reknar all auke som gode indikatorar på at vi er på rett veg.

1. Oppretthalde skulen (1-7) og barnehagen i Tuddal
2. Auke i talet på tilflytta familiar og unge vaksne i forhold til ved avslutning av fase 1 (2012-tala).
3. Auke i omsetnaden innafor lokal handels- og reiselivsnæring (talfeste dette) i f.h.t. 2012 tala.
4. Fleire hyttefolk som engasjerar seg i dugnads- og lagsarbeid og i næringslivet (vanskeleg å talfeste).
5. Det er etablera nye kulturbaserte bedrifter og auka investering i eksisterande i f.h.t. 2012 tala. Spesiell fokus på kvinnebedrifter.
6. Dei fem trolle i Tuddal er synlege både i nærings- og opplevingssamheng

Effekter

Effekt mål:

- Netto tilflytting til Tuddal
- Fleire arbeidsplassar i Tuddal
- Feire deltidsinnbyggjarar og besøkande til Tuddal
- Tuddal som merkenamn er kjend
- Auka skatteinntekter til Hjartdal kommune

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Gjennomføring 1.10.2012 - 30.9.2015

Kostnadsplan

| Tittel | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | SUM |
|-------------------------------|------------------|------------------|----------------|-------------|-------------|------------------|
| Div admin/reiser | 12 000 | 20 000 | 10 000 | | | 42 000 |
| Kommunikasjon og integrering | 30 000 | 20 000 | 10 000 | | | 60 000 |
| Kulturbasert næringsutvikling | 20 000 | 20 000 | 10 000 | | | 50 000 |
| Prosjektleing | 540 000 | 540 000 | 300 000 | | | 1 380 000 |
| Tuddal aktivitetspark | 750 000 | 500 000 | | | | 1 250 000 |
| Tuddal kulturpark | 500 000 | 1 200 000 | 300 000 | | | 2 000 000 |
| Tuddalsjentun | 30 000 | 20 000 | 10 000 | | | 60 000 |
| Tydleggjering av landsbyen | 50 000 | 56 000 | 25 000 | | | 131 000 |
| Sum kostnad | 1 932 000 | 2 376 000 | 665 000 | | | 4 973 000 |

Finansieringsplan

| Tittel | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | SUM |
|-------------------------------|------------------|------------------|----------------|-------------|-------------|------------------|
| Egeninnsats timer | 402 000 | 270 000 | 175 000 | | | 847 000 |
| Hjartdal kommune | 250 000 | 400 000 | 170 000 | | | 820 000 |
| KORO | | 300 000 | | | | 300 000 |
| KRD | 600 000 | 700 000 | | | | 1 300 000 |
| Lokale banker og næringer | 30 000 | 50 000 | 20 000 | | | 100 000 |
| Telemark fylkeskommune | 450 000 | 256 000 | | | | 706 000 |
| Tippemidler | | 400 000 | 300 000 | | | 700 000 |
| Tuddal FAU - innsamla midlar | 100 000 | | | | | 100 000 |
| Tuddal idrettslag egne midlar | 100 000 | | | | | 100 000 |
| Sum finansiering | 1 932 000 | 2 376 000 | 665 000 | | | 4 973 000 |

Geografi

827-Hjartdal

Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|---------------------|---------------------|-------------|
| | | |